

2009

Årsmelding



Vestlandske
Teatersenter

Innhald

- Innleiing
- Fråsegn frå styret
- Resultatrekneskap
- Balanse
- Notar
- Revisjonsmelding for 2009
- Styremedlemmer
- Tilsette
- Timelærarar og frilansarar
- Aktivitetar 2009
- Teaterframsyningar 2009
- Kurs og oppdragsverksemd 2009
- Medlemsorganisasjonar
- Vedtekter



"Huldra"

Det er den draumen....

Den internasjonale finanskrisa i 2009 nådde òg Vestlandske Teatersenter og vi mista blant anna festivalstøtte samanlikna med tidlegare år. Oppstart av nye prosjekt vart ògså vanskelegare og noko måtte setjast på vent. VT hentar no nesten halvparten av det totale driftsbudsjettet inn gjennom inntekter frå Teaterskolen og kurs, prosjekt- og sponsormidlar for å nemne noko. Ein av grunnane til det er at VT ikkje har motteke ein reell auke i dei offentlege tilskotta på svært mange år, utanom frå Bergen kommune som auka tilskottet frå 2008. For ein organisasjon som VT er dette særskild alvorleg. Naturleg nok vert det forventast at VT har evne til fornying. Det vert ògså forventast at VT skal stå for eit breitt tilbod til barn og unge og amatørteater. VT tilbyr langt på veg ein totalpakke innan scenekunst for nemnde grupper. Dette skal VT vere i stand til utan reelle løft i tilskotta. VT går med nasen først inn i framtida og i det ligg òg vissa om at ein må kunne sjå dei endringar som ligg i kulturlandskapet og vera villig til å endre kurs der det er påkrevd. Godt teater for barn og ungdom er viktig og naudsynt – VT vil vere ein av leverandørane! Gode tilbod innan kurs og kompetanse skal utarbeidast i forhold til det som vert etterspurd – VT vil ha moglegheit til å utvikle dette tilbodet. Nasjonalt og internasjonalt teater for barn og unge, der vaksne profesjonelle spelar for denne gruppa, får born tilbod om gjennom Teaterfestivalen Mini Midi Maxi. Festivalen er utvikla av VT og gjennomført av VT 5 år. Samanlikna med mange andre festivalar har VT klart dette med minimale ressursar og utan moglegheit til å planlegge lenger enn året ein er inne i. Det siste gjeld ògså langt på veg i planlegginga av nye teaterproduksjonar. Med noverende offentlege tilskott har organisasjonen inga moglegheit til å setje av noko midlar til nemnte tiltak, dette fører igjen til at planlagde prosjekt aldri kan igangsetjast for fullt før ein har fått svar på alle dei søknader som kvart år blir sende med håp om finansiering av nye tiltak. Berre dei siste 10 åra har VT vist ei evne til omstilling og vidareutvikling, som i langt større grad burde vore belønna gjennom auka tilskott. Organisasjonen framstår som særskild profesjonell innan dei aktivitetane vi kan tilby. VT står for kvalitet! Det er eit klart faresignal for ein organisasjon når det ikkje lenger finst insentiv i form av auka støtte, basert på auka aktivitet og betra kvalitet. I eit slikt tilfelle forsvinn heile grunnlaget for å søke mot å bli betre. Dette er i ferd med å manifestere seg som ein reell konsekvens for VT som følgje av støttesituasjonen.

Likevel er det verd å merke seg at VT har hatt flotte større samarbeidsprosjekt ògså i 2009 og vi er stolt av den positive merksemda organisasjonen har opparbeida seg. I 2009 har VT to bestillingsprosjekt frå Den Nationale Scene: Ei ny babyframsyning (0-4 år)

"Himmelslottet" og ei omvisningsframsyning retta mot ungdomsskolen *"En helt blir til"*. I samband med 75 års jubileet til Gamle Bergen Museum ønskte Bymuseet i Bergen at framsyninga *"Hvem har tatt min venstre sko?"* blei sett opp på nytt. FN-Sambandet Vest ønskte seg ei ny framsyning i samband med Internasjonale Uke i oktober, der ungdom spela for ungdom og slik vart framsyninga *"Vampire State"* til. Nordsjøfartsmuseet fortsette samarbeidet i samband med Holocaustmarkeringa på Telavåg med framsyninga *"Sarah med J"*. I 2009 deltok dansekompaniet Carte Blanche for første gong i samband med teaterfestivalen Mini Midi Maxi og vi er stolte av at ògså Carte Blanche klart har gitt uttrykk for at dei ønskjer å vere ein del av festivalen. At byens store kulturinstitusjonar og scener ser verdien av samarbeid med (i denne samanhengen) små kulturaktørar som VT, er særskild viktig for oss!

I mange år har Vestlandske Teatersenter (VT) ønskt at moglegheita for eit teaterhus i sentrum av Bergen skulle kunne realiserast. Det er eit stort behov for eit hus som kan romme teater for barn og unge, dei frie gruppene og andre kunstnarlege miljø. Dette er grupperingar som ikkje har moglegheit til å leige seg inn på dei større kommersielle scenane i Bergen. Som Noregs nest største by og med eit ønskje om å vere ein internasjonal kulturby, kan ein ikkje gå spissrotgang rundt behova som VT og dei frie

gruppene representerer. Det er også framleis slik i 2009 (og 2010) at teater for barn og unge er viktig å ha med i den totale kulturpakka byen og regionen skal tilby, men det er stadig vekk ein fordel viss ein kan klare seg med lite når det kjem til økonomi. Området der vi ønskjer det nye teaterhuset skal ligge er under opprusting og sommaren 2011 vil det kun vere dette etter kvart mykje omtalte huset som står att som ein noko sliten representant for det som ein gong var. Det er både vakkert og freda. Byantikvaren i Bergen støttar opp under VT sitt innspel om å gjere dette om til eit kulturhus. BT 27.febr. "Byantikvar-støtte til teaterhus. Byantikvar Siri Myrvoll i Bergen gir sin fulle støtte til planene om å gjøre Thormøhlensgate 45 om til et teaterhus. Vi gleder oss over moderne tilpassing av et verneverdig bygg, med verneverdiene i behold, sier Myrvoll." Arbeidet med å få denne draumen realisert starta i 2009 og det er VT sitt klare mål at vi skal halde fram dette arbeidet til huset er sikra som eit framtidig kulturhus til bruk for mange og til glede for endå fleire.

Den draumen

*Det er den draumen me ber på
at noko vidunderleg skal skje,
at det må skje -
at tidi skal opna seg,
at hjarta skal opna seg,
at dører skal opna seg,
at kjeldor skal springa -
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund
skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.*

-Olav H. Hauge-

Frøydis Otre
Administrativ leiar

Steinar Thorsen
Kunstnarleg leiar



Her er byens nye teaterhus

Den fredede lagerbygningen på Marineholmen blir etter all sannsynlighet Bergens nye teaterhus, med plass til minst to scener og lokaler for samtlige av byens frie scenegrupper.

FINN BJØRN TØNDER
RUNE BERENTSEN (foto)
finn.tonder@bt.no

– Thormøhlens gate 45, som bygningen heter, kan faktisk løse de fleste sceneproblemene Bergen har slitt med i årevis. Og så kan den bli glimrende lokaler for Vestlandske Teatersenter (VT), og dermed viktig for svært mange barn og unge i Bergen, sier administrativ leder i VT, Frøydis Otte til BT.


– I tillegg får vi to scener, med tilskuerplass til 120 og 300 personer, i aksene mellom Vitalitets-senteret og Vill Vite-senteret, i nabolaget til det kommende BI-bygget. Og da snakker vi om scener som kan brukes både til teater, dans og konserter, sier kunstnerisk leder i VT, Steinar Thorsen.

– Og det er planlagt ferdig allerede neste høst, sier Otte.

En god idé

Ideen kom etter at det offentlige finanserte Vestlandske Teatersenter fikk beskjed fra nye huseiere i Industrihuset om at husleien vil gå opp med 200.000 kroner i året.

– Da så vi oss om, og så på den fredede bygningen fra rampen av 1800-tallet. Og så kontaktet vi eieren, GC Rieber Eiendom, som virkelig responderte og var svært



ENDELIG: Thormøhlens gate 45 benyttes i dag som lager, og har vært et irritasjonsmoment for dem som håpet på skikkelige cornermuligheter på Møhlenpris Idrettsplass. Fordi den var fredet, kunne bygningen ikke rives og gi plass for vei og fortau. Nå ser det ut til at bygget, som står ensomt igjen etter at Mjellum & Karlsen verkstedshaller ble revet, kan bli teaterhus. – Vi tror på det, sier Frøydis Otte og Steinar Thorsen.

positive, forteller Otte.

Siden jul har ballen rullet. Og Vestlandske Teatersenter har bare møtt positivitet alle steder.

– En drøm for den frie scenekunsten. Dette huset kan løse de fleste problemer. Vi og byens frie scenegrupper flytter mer enn gjerne inn, sier for eksempel dag-

fakta

Vestlandske Teatersenter

■ Etablert som frivillig organisasjon i 1967, og er et kompetansesenter for teater og drama i Bergen.

■ Finansieres av kommune, fylke og stat.

■ Driver blant annet teater-skole for barn og unge, men har også kurs og gjennomfører egne teaterproduksjoner.

■ Arrangerer årlig barne- og ungdomsteaterfestival i Bergen.

■ Er interesseorganisasjon og samarbeider med de frie scenegruppene i Hordaland.

■ Holder nå til i Industrihuset på Møhlenpris, der en liten scene har få publikumsplasser.



PLANEN: Slik vil lagerbygningen ta seg ut som teaterhus, med glassdel mot sør.

TEIENING: PAUL L. KAHRS ARKITEKTER

lig leder i produsentenheden for scenekunst i Bergen, Proscen, Linda Børnes.

– Vi har vært på befaring og er i utgangspunktet positiv til alle smarte løsninger for drift og samarbeid mellom aktører. Så langt er det ingen grunn til å vende tomme ned, sier seksjonssjef Øyvør Johnson i kulturavdelingen i Bergen kommune.

– Riksantikvaren har også vært på befaring og konkludert med at det er fullt mulig å gjøre bygningen om til et teaterhus uten å komme i konflikt med fredningsvedtaket. Derfor er det all mulig grunn til å håpe at dette løser seg, sier Frøydis Otte.

– GC Rieber vil stå for ombyggingen, sier hun.

Plan med tre etasjer

Planen er at det skal være to scenerom i første etasje. Det ene på størrelse med Lille Scene, det andre med Småscenen på DNS. I annen etasje skal det være øvingslokaler og verksteder. Tredje etasje skal inneholde kontorplasser, lager og annet, i den totalt 1600 kvadratmeter store bygningen.

Vestlandske Teatersenter planlegger å stå for driften av bygningen, med all sin virksomhet der. Men VT har slett ikke bruk for hele bygget, og vil da gi plass til Proscen og de mellom 10 og 20 frie scenegruppene i Bergen.

– Dette kan fort bety slutten på at scenekunstnere forlater Bergen eller gir opp fordi det ikke finnes øvingslokaler, sier Steinar Thorsen, og viser til saker i Bergens Tidende tidligere i år.

– Vi kan også leie ut scenene til andre formål, sier Otte.

Større utgifter

– Selv om GC Rieber har gjort det helt klart at de vil leie ut til «kunstneriske» priser, og ikke har planer om å tjene penger på bygningen, regner vi med at Vestlandske Teatersenter får større utgifter gjennom dette prosjektet, alt avhengig hvor mye vi kan «tjene» på de andre leietakerne. Derfor må vi nok gå noen runder med kommunen, fylket og staten, før vi våger å si at dette går bra. Men det er absolutt grunn til håp. Spesielt Bergen kommune har jo i årevis uttrykt at det er skrikende behov for lokaler til scenekunsten, sier Steinar Thorsen.

Direktør Bjart Nygaard i GC Rieber Eiendom var ikke tilgjengelig for kommentar i går. Overfor Vestlandske Teatersenter har han imidlertid gitt uttrykk for at bedriften vil strekke seg langt for å få til et nytt teaterhus i svært gamle lokaler, på den andre siden av gaten for et svært berømt cornerlag på Møhlenpris Idrettsplass.



REÅPNING AV WOW SUNDT!
torsdag 25, kl 09!

VI FEIRER MED

30%

PÅ HELE BUTIKKEN, HELE DAGEN!

Flotte goodiebags til de 20 første handlende kundene!

Ballongsmell: Kjøp for 500,- vinn premier fra WOW!

www.wowandme.com

Fråsegn frå styret

Oppnådde resultat

Vestlandske Teatersenter (VT) sitt mandat er breidt og mangfaldig. Det er likevel på det reine at VT i løpet av dei siste 10 åra har sakka akterut når det gjeld offentlege løyvingar.

Situasjonen for dei offentlege løyvingane korresponderer ikkje med aktivitetsnivået VT legg for en dag. VT har sidan 2000 hatt ei betydeleg auke i aktivitet, dette gjeld både tal på: kurstimar, oppdrag på førespurnad, elevar på Teaterskolen for barn og unge, framsyningar og publikum på framsyningane og sist men ikkje minst har VT dei siste 5 åra arrangert Teaterfestivalen Mini Midi Maxi for barn og unge.

Den klare grunnen til auke i aktivitet hos VT er at kvaliteten er betre enn tidlegare og at planlegginga, administrasjonen og avviklinga av aktivitetane er profesjonelle og følgjer krava til offentlig administrasjon. VT har moglegvis ikkje vore flinke nok til å synleggjere denne veksten i kvalitet og kvantitet i søknader og møte med dei bevilgande instansar då vi har rekna med at bevilgande myndigheiter også har lagt merke til dette faktum.

Kunstnarleg aktivitet

I 2009 hadde VT eit totalt publikumstal på 13939. Det totale antal teaterproduksjonar var 38, totalt 169 framsyningar.

VT har framleis som overordna mål at Teaterfestivalen Mini Midi Maxi skal etablerast som ein institusjon i sitt slag for heile Vestlandsregionen og landet elles. Trass i eit stramt festivalbudsjett og svikt i sponsorandelen klarte VT å gjennomføre festivalen. Det er styret særst nøgd med.

Trass i at VT i 2009 ikkje hadde dei store oppdraga (ref. 2008 og "Slaget i Alvøen" / Nordnæs Bataillon sitt 150 års jubileum) oppnådde organisasjonen eit total besøkstal på 13 939.

Kurs

Det blei gjennomført 48 ulike kurs i 2009 med eit samla deltakartal på 648 og 1159 kurstimar. Det er ein positiv spennvidde i kursa som er halde som òg seier noko om kompetanse og nedslagsfelt i organisasjonen.

Oppdrag

Av oppdrag i 2009 kan nemnast for Den Nationale Scene: "En helt blir til" ei omvisning for ungdomsskoleelevar på teateret og "Himmelslottet" ei framsyning for dei aller minste frå 0-4 år. VT samarbeidde også i fjor med Norsjøfartsmuseet i Telavåg om framsyninga "Sarah med J".

Teaterskolen

I 2009 tok skolen imot 167 elevar. Sjølv om Teaterskolen vart utvida med ei gruppe i 2008 og at kvar gruppe i 2009 tok imot fleire elevar, fekk ikkje alle som søkte plass. Det er dessverre ikkje moglegheit å utvida skolen ytterlegare i noverande lokale. Også i 2009 delte Bergen Kommune ut stipend til "Unge talenter" kvar på 10 000,- kr. Av totalt 10 stipend gjekk 5 av dei til elevar på Teaterskolen. Vi gratulerer dei fem elevane våre!

Medlemmer og medlemservice

I 2009 hadde VT 44 lag/organisasjonar/frigrupper samt 180 enkeltpersoner som medlemmer. VT søker å være eit serviceorgan for medlemmer ut frå den enkelte sine behov. Det kan variere frå lån av manus, instruksjonshjelp, hjelp til å søke om pengar og til lån av kostyme og teknisk utstyr. I tillegg kan våre medlemmer låne VT sine lokale til øvingar og framsyningar gratis. I 2009 var det totalt 15 grupper som lånte lokale i til saman 157 dagar. Då er også gjerne to grupper inne samtidig.

Økonomi

VT hadde i 2009 eit overskot på kr. 20 310,22 og styrker dermed eigenkapitalen. Som andre organisasjonar merka også VT at 2009 var eit stramt år når det kjem til å hente inn sponsmidlar og prosjektmidlar. At VT like fullt klarte å gjennomføre store prosjekt som til dømes Teaterfestivalen Mini Midi Maxi fortener etter styret si meining positiv merksemd.

Vidare drift

Føresetnaden for vidare drift er til stades og lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen.

Utfordringar

Mangfaldet i VT sitt tilbod og aktivitet gjennom Teaterskolen for barn og unge, teaterproduksjonar, fagleg formidling til miljø som skolar, barnehagar, museum, amatørteaterlag og organisasjonar står sentralt også i framtida. Satsing på, og formidling av teaterkunsten ut til barn og unge så tidleg som mogleg og så profesjonelt som mogleg er eit viktig mål for VT. Ei styrking av økonomien gjennom ein nødvendig auke i dei offentlege tilskota er særskild viktig for styret. Ein reell auke som står i forhold til løns- og prisvekt dei siste 10 åra er naudsynt. VT har ein moglegheit for å kunne vere med å etablere eit nytt teaterhus i Bergen. Styret ser det som særskild viktig å følgje opp dette arbeidet slik at dette lar seg realisere.

Møteverksemd

Det vart halde 7 styremøte samt årsmøte i 2009.

Arbeidsmiljø

Det var ingen langtidssjukmelde i 2009. Det har ikkje vore ulukker med personskadar. Det vart gjennomført medarbeidersamtalar for teaterpedagogane. Det er fast tilsett 1 mann og 5 kvinner i organisasjonen. Styret består av 3 menn og 3 kvinner.

Ytre miljø

Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre miljø.

Styret vil takke dei tilsette, samarbeidspartnarar, Kulturdepartementet, Bergen Kommune, Hordaland Fylkeskommune og Norsk Teaterråd for godt samarbeid.

Bergen, 26/3 - 2010

Chris Tvedt
Styreleiar


Camilla Svingen
Nestleiar

Mette Gjerde
Styremedlem

Frode Helmich Pedersen
Styremedlem

Anita Berge
Styremedlem

Jan Holden
Styremedlem



Teaterskolen "Alice i underverdenen"

R esultatrekneskap

Driftsinntekter

Driftstilskot	2	3 193 593	3 158 280
Andre inntekt		2 723 549	3 201 555
Sum driftsinntekter		5 917 142	6 359 835

Driftskostnader

Lønskostnad	4,5	2 865 385	2 600 510
Avskrivning	6,7	139 111	129 787
Andre driftskostnader		2 904 160	3 534 709
Sum driftskostnader		5 908 656	6 265 006

Driftsresultat

8 486	94 829
-------	--------

Finansinntekter og finanskostnader

Annan finansinntekt	13 426	29 330
Annan finanskostnad	1 602	9 076
Netto finansposter	11 824	20 254

Årsresultat

20 310	115 083
--------	---------

Overføringer og disponering

Overført til/frå annan eigenkapital	20 310	115 083
-------------------------------------	--------	---------

Balanse pr. 31. desember

Anleggsmidler

Immaterielle egedelar

Utvikling web-side	7	25 668	38 500
Sum immaterielle egedelar		25 668	38 500

Varige driftsmidler

Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskinar ol	6	150 055	276 334
Sum varige driftsmidler		150 055	276 334

Finansielle egedelar

Investering i aksjer		1 000	1 000
Depositum		213 143	105 692
Sum finansielle egedelar		214 143	106 692

Sum anleggsmidler		389 866	421 526
-------------------	--	---------	---------

Omløpsmidlar

Fordringer

Kundefordringar		202 129	18 687
Andre fordringar		24 407	35 822
Sum fordringar		226 536	54 509

Bankinnskot, kontantar og liknande	3	670 986	698 066
------------------------------------	---	---------	---------

Sum omløpsmidlar		897 522	752 575
------------------	--	---------	---------

Sum egedelar		1 287 388	1 174 101
--------------	--	-----------	-----------

Balanse pr. 31. desember

Eigenkapital

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	8	523 039	502 729
--------------------	---	---------	---------

Gjeld

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	41 654	94 628
-----------------	--------	--------

Skuldig offentlege avgifter	210 259	159 618
-----------------------------	---------	---------

Annan kortsiktig gjeld	512 436	417 126
------------------------	---------	---------

Sum kortsiktig gjeld	<u>764 349</u>	<u>671 372</u>
----------------------	----------------	----------------

Sum gjeld	<u>764 349</u>	<u>671 372</u>
-----------	----------------	----------------

Sum eigenkapital og gjeld	<u>1 287 388</u>	<u>1 174 101</u>
---------------------------	------------------	------------------

31. desember 2009

26.03.2010

Baard Christian Tvedt
Styreleiar

Camilla Svingen
Nestleiar

Mette Gjerde
Styremedlem

Anita Berge
Styremedlem

Jan Neal Christopher Holden
Styremedlem

Frode Helmich Pedersen
Styremedlem

Frøydis Otre
Administrativ leiar

N

otar til rekneskapen for 2009

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Inntekter

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmidler er egedelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidler blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfell til betaling innan eitt år samt poster som knyter seg til varekrinslaupet. Andre poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar blir vurdert til laveste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

Varige driftsmidler

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over driftmiddelet si økonomiske levetid, dersom det har levetid over 3 år. Vedlikehald av driftsmidler blir kostnadsførte løpande, medan påkostningar blir tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrivne over resterande økonomisk levetid.

Note 2 – Driftstilskot

	2009	2008
Norsk Teaterråd	1 036 593	1 114 280
Kultur- og kirkedepartementet	1 131 000	1 083 000
Bergen Kommune	800 000	735 000
Hordaland Fylkeskommune	226 000	226 000
Fond for utøvende artister	0	0
Sum	3 193 593	3 158 280

Note 3 - Bundne bankmidlar

Av innestående på bankkonti 31.12. er kr 104 834 ,- bundne som tryggleik for skattetrekksmidler.

N

otar til rekneskapen for 2009

Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

<i>Lønnskostnader</i>	2009	2008
Løn	2 476 049	2 248 709
Arbeidsgivaravgift	354 092	321 349
Pensjonskostnader	35 244	30 452
Andre ytingar	<u>0</u>	<u>0</u>
Sum	<u>2 865 385</u>	<u>2 600 510</u>
Antall årsverk	6	5

<i>Godtgjersler</i>	<i>Løn</i>	<i>Andre godtgjersler</i>
Dagleg leiar	416 675	3 410
Administrativ leiar	402 280	0
Styret	0	47 000

Revisor

Revisjonshonorar utgjer kr 25 625.

I tillegg kjem andre tenester med kr 14 538. Alle beløp er inkl.mva.

Note 5 - Pensjonar

Vestlandske Teatersenter er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Oppretta pensjonsordning er i samsvar med krava i denne lova.

Selskapet har oppretta innskotsplan. Innskotsplanen omfattar heiltidstilsette og utgjer 2 % av løn.

Pr. 31.12.2009 var det 5 medlemmar i ordninga.

Kostnadsført innskot utgjer kr 35 244.

Note 6 - Varige driftsmidler

	Inventar, verktøy, kontormaskiner ol
Kostpris 01.01.2009	<u>738 671</u>
Tilgang kjøpte driftsmidler	<u>0</u>
Anskaffelseskost 31.12.2009	<u>738 671</u>
Akk. avskr./nedskr. 31.12.2009	<u>588 616</u>
Bokført verdi 31.12.2009	<u>150 055</u>
Avskrivning i året	126 279

N

otar til rekneskapen for 2009

Økonomisk levetid
Avskrivingsplan


3-5 år
Lineær

Note 7 – Immaterielle egedelar

	Utvikling web-side
Kostpris 01.01.2009	40 500
Tilgang kjøpte driftsmidler	0
Anskaffelseskost 31.12.2009	40 500
Akk. avskr./nedskr. 31.12.2009	14 832
Bokført verdi 31.12.2009	25 668
Avskrivning i året	12 832
Økonomisk levetid	3 år
Avskrivingsplan	Lineær

Note 8 - Eigenkapital

	Annen eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.2009	502 730	502 730
Årsresultat	20 310	20 310
Eigenkapital 31.12.2009	523 039	523 039



ERNST & YOUNG

Til årsmøtet i Vestlandske Teatersenter

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Thormøhlens gate 53 D, NO-5008 Bergen
Postboks 6163 Postterminalen, NO-5892 Bergen

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA

Tlf.: +47 55 21 30 00

Fax: +47 55 21 30 01

www.ey.no

Medlemmer av Den norske Revisorforening

Revisjonsmelding for 2009

Vi har revidert årsrekneskapen for Vestlandske Teatersenter for rekneskapsåret 2009, som syner eit årsoverskot på kr 20 310. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og administrativ leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlige rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og interne kontrollsystemer i selskapet. Vi meiner at revisjon vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2009 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapets rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halda fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen, 9. april 2010

ERNST & YOUNG AS

Frank Eithun Helland
statsautorisert revisor

S tyret, valnemnd og revisor

Styreleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

Chris Tvedt
Mette Gjerde
Jan Holden
Anita Berge
Frode Helmich Pedersen
Camilla Svingen

Einskildmedlem
Medlemsorganisasjonar
Foreldrerepresentant
Bergen kommune 2007 – 2011
Tilsette VT

Vararepresentantar:

Sara Henriksen	vara for Frode Helmich Pedersen
Ingrid Voll	vara for Anita Berge
Susan Askvik	vara for Mette Gjerde og Jan Holden
Kristin Saltkjelvik	vara for Camilla Svingen

Revisor
Ernst & Young

Valgkomitè
Hans Petter Svege
Frøydis Flotve
Grete Stemre



Tilsette

Kunstnarleg leiar
Administrativ leiar
Teaterpedagog, undervisningskoordinator Teaterskolen
Teaterpedagog, koordinator for kurs, medlemservice og festivalprogram
Teaterpedagog, prosjekt
Kontormedarbeidar

Steinar Thorsen
Frøydis Otre
Frøydis Flotve
Camilla Svingen
Kristin Saltkjelvik
Vivian Midtsveen

Frilansarar og timelærarar

Lars Fimland Moberg
Jeanette Magnussen Kjær
Margareth Hosøy
Ann-Terese Aasen

Tarjei Vatne
Helge Jordal
Hedvig Garshol
Tor Halvor Halvorsen
Helga Golten Thue
Sturla Alvsvåg
Rolf Olsen
Bengt Florvåg
Jostein Stalheim
Edvin Østvik
Glenn Sørskår
Marte Synnevåg

Jon Eirik Sira
Jan Holden
Tone Olsen
Beate Rostin Wexelsen
Ingvill Skjold Thorkildsen
Siri Kristensen
Lars Voss Sørhus
Torbjörn Alström
Jarle Solheim
Monika Solheim

Timelærer Teaterskolen
Timelærer Teaterskolen og kursinstruktør
Timelærer Teaterskolen og kursinstruktør
Timelærer Teaterskolen, dansar "Sommerfugl",
koreograf "Himmelslottet"
Komponist
Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Musikar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Musikar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Musikar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Musikar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Kostymer "Hvem har tatt min venstre sko?",
"Sommerfugl", "Vampire State", "Himmelslottet" og
Teaterskolen
Inspisient, lyd/lys teknikar
Skodespelar, lyd/lys teknikar
Kursinstruktør
Kursinstruktør
Skodespelar
Kursinstruktør
Kursinstruktør
Kursinstruktør
Manusforfattar, komponist og instruktør "Vampire State"
Scenografi "Sommerfugl" og "Vampire State"



"Hvem har tatt min venstre sko?"

Aktivitetar 2009

Kunstnarleg aktivitet

I 2009 hadde VT eit totalt publikumstal på 13 939. Talet på teaterproduksjonar var 38, totalt 169 framsyningar og i alt var 389 aktørar involvert.

-Himmelslottet-

Ny framsyning for dei aller minste 0-4 år som blei vist 34 gonger på Den Nationale Scene og 10 på VT sin eigen black box scene. Totalt publikumstal vart 2 943.

-Hvem har tatt min venstre sko?-

Blei ført opp i Gamle Bergen Museum i samband med musèet sitt 75 års jubileum. Framsyninga blei vist 10 gonger og totalt 1188 publikummarar såg framsyninga.

-Sarah med J-

Samarbeidet med Nordsjøfartsmuseet i Telavåg heldt fram også i 2009, og framsyninga - Sarah med J - blei vist for 640 elevar frå 6.trinn på Sotra, i samband med Holocaustmarkeringa i januar.

-Vampire State-

I tillegg til ordinær undervisning og produksjonar på Teaterskolen blir det kvart år arrangert audition for elevar i dei eldste gruppene på Teaterskolen. Dette er meint å vere eit ekstra tilbod til våre mest ambisiøse elevar. Hausten 2009 presenterte VT i samarbeid med FN-sambandet Vest det nye stykket -Vampire State- som hadde fokus på miljø. Stykket blei spelt

av 14 ungdommar i alderen 13-19 år. Framsyninga blei vist i samband med FN Sambandet si internasjonale veke i oktober. "Ungdom spiller for ungdom" er ei teaterform kor tema, form, verkemiddel, aktørar og formidling har vorte valt bevisst for å appellere spesielt til denne gruppa. Det skal brukast ungdommen sitt språk, tema som angår deira liv, ei form og formidling som tangerer deira kvardag og ikkje minst er det viktig at aktørane er "dei sjølv". -Vampire State- stilte spørsmål omkring ungdom sitt engasjement rundt miljøproblematikken og konsekvensane av vår levestandard i Noreg i dag. Målet var å gi ungdom eit bevisst syn på si samtid, og det faktum at det er dei som skal arve jorda og framtida sin miljøproblematikk. Framsyninga blei vist 6 gonger for ungdomsskoleelevar og var i tillegg ein del av opninga under årets teaterfestival.

-Glashuset-

Eit tilfeldig søk på Google under tema "Vald blant ungdom" gav 247 000 artikkelresultat. Dette seier dessverre noko om at dette temaet er særskild aktuelt. Framsyninga -Glashuset som omhandlar vald blant ungdom hadde Noregspremiere under årets teaterfestival. Ønskje er å få denne på turné til vidaregåande skolar i løpet av 2010. Temaet er viktig blant denne gruppa og kan også linkast til eit pedagogisk opplegg i skolane.

Øvrige

Det vart vist 13 forskjellige framsyningar på Teaterskolen i løpet av 2009. I tillegg var VT bl.a. engasjert på Bergenhusdagen, familiedag på Bergenhus festning og Dråpen-prosjektet i regi av Riksteateret.

Teaterfestivalen Mini Midi Maxi

Blant høgdepunkta i VT sin aktivitet i 2009 er den positive merksemda rundt Teaterfestivalen Mini Midi Maxi, både fra løyvingismaktene, teaterensemblè og festivaldeltakarar.

Sitat fra Bergen kommune v/Seksjonssjef Øyvør Johnson: "Teaterfestivalen viser det ypperste av barne- og ungdomsteater gjennom forestillinger med formidling både fra Norge, Norden og internasjonalt. I tillegg drøftes faglige metoder knyttet til formidling overfor barnehager, grunnskoler og for ungdom gjennom ulike workshop. Hvert år har arrangøren Vestlandske Teatersenter lagt vekt på at det faglige programmet skal ha tyngde og være til inspirasjon og kompetanseheving for det deltakende publikummet. Både Den Kulturelle Bæremeisen for barnehager og Den Kulturelle Skolesekken for grunnskoler i Bergen viser flere av forestillingene, slik at disse prosjektene sikres møter med profesjonell scenekunst fra profesjonelle turnerende ensembler. Bergen kommune v/Seksjon for kunst og kultur vurderer festivalen som et godt tiltak for å løfte frem barne- og ungdomsteater som fag såvel i Bergen som nasjonalt. De gode tilbakemeldingene og oppslutningen fra fjorårets festival viser at det er behov for en slik arena. Det er og meget positivt at Vestlandske Teatersenter samarbeider med både Høgskolen, Den Nasjonale Scene, Carte Blanche med flere om prosjektet."

Fra Teater Hund, Danmark: "Riktig mange gange tak for sidst! Det var igen en stor og inspirerende oplevelse at være gæster på jeres festival! Tak for den gode behandling og fordi I er så velorganiserede!"

Fra Teatret Møllen, Danmark: "Tak for nogle dejlige dage i Jeres skønne by."

Fra StopGAP Dance Company, England: "I would like to say thank you for inviting us out to Bergen. We had good support from the venue in Norway, and were glad to have got the show up to a good standard! Hope to work with you in the future."

Fra Kio Company, Japan: "Thank you very much for your great coordination and all your help! We had a great experience in Bergen."



Teaterfestivalen Mini Midi Maxi

PARTYTEATER

Et intimt møte med Hilda

SKREVET AV TOR ARVE RØSSLAND


FREMFØRT AV TEATER UNG

SPILLES TIRSDAG 16.JUNI, ONSDAG 17.JUNI, TORSDAG
18. JUNI KL. 20. FREDAG 19. JUNI KL. 20 OG 22.
PÅ VESTLANDSKE TEATERSENTER, BREDALSMARKEN 15
(INDUSTRIHUSET PÅ MØHLENPRIS)



STUDENTER KR. 50,-. ANDRE KR. 80,-.
ENKEL BEVERTNING INKLUDERT I PRISEN.
BEGRENSET ANTALL BILLETTER PR. FORESTILLING.
BORDBESTILLING PÅ TLF.: 55 90 47 30
PASSER BEST FOR UNGDOM/VOKSNE

Framsyningar	Aktørar	Framsyninga blei vist (gonger)	Publikumstal
”Sarah med J”	4	8	640
”Sommerfugl”	4	6	180
”Himmelslottet”	4	33	2385
”En helt blir til”	1	18	444
”Spøkelseshuset”	14	1	70
”Mens jeg snubler”	14	2	95
”Jeg tenker på”	14	1	74
”Det blå tårnet”	14	2	140
”Tornerose”	14	2	153
”Alice i underverdenen”	14	2	160
”Ikke noe skremmende”	15	1	68
”Plaza suite”	13	2	80
”Roberto Zucco”	14	2	140
”Huldra”	10	5	110
”Hvem har tatt min venstre sko?”	32	10	1188
”Dråpen”	36	3	1070
”Ulla og Olle Bull”	15	1	140
”Sommerfugl”	4	5	350
Utdrag fra ”Whatever liksom...”	6	6	400
”Himmelslottet”	4	10	508
”Vampire State”	14	6	528
”Bergenhus-vesen”	22	1	2500
”Himmelslottet”	4	1	50
Åpningsforestilling Mini Midi Maxi	20	1	106
”Glasshuset” MMM	2	2	99
”Morgenstemning” MMM	2	5	229
”Løvebrøl” MMM	3	2	173
”Swinging Bananas” MMM	2	6	231
”Månefabler” MMM	2	2	105
”Portfolio Collecion” MMM	6	2	201
”Shame On You” MMM	2	2	101
”Den inbildte syke” MMM	2	2	250
”ReadyMade Baby” MMM	4	2	189
”En maskes fortelling” MMM	1	2	122
”Brev hjem” MMM	7	2	29
”Tap og vinn” MMM	4	2	67
”Green Monster” MMM	3	2	135
”Venner?”	16	1	76
”Jul på Hawaii”	14	1	67
”Lydspor 1 og 2”	14	2	106
”Strømbruddet”	16	2	240
TOTALT	389	169	13939



"Bergenhusdagen"

Kurs

VT gjennomførte i 2009 totalt 48 ulike kurs. Totalt deltakartal var 648 og talet på kurstimar var 1159.

Teaterskolen

Teaterskolen har for skoleåret 2009/2010 167 elever.

Haustferien

VT gav barn i alderstrinnet 5. – 7. klasse tilbod om teaterkurs i haustferien. Kurset blei raskt fullteikna. Barna laga i løpet av dei fem dagane kurset varte si eiga framsyning som vart vist for foreldra siste kursdag.

Skolane

- VT sine instruktørar reiser også ut til skolar som etterspør teaterinstruksjon i samband med skolerevyar / framsyningar. I 2009 hadde VT oppdrag på Austevoll ungdomsskule, Skranevatnet skole, for Austevoll kommune på Møkster og Storebø, Hellen skole og Christi Krybbe skole.
- Skolar etterspør teaterkurs for elevar i SFO.

Barnehagane

- NAV bestilte 4 ulike teaterkurs for kvinner med framandkulturell bakgrunn i samband med førebuing til arbeid som barnehageassistentar.
- I tillegg blei det også halde dramakurs for barnehagetilsette.

Lærarane

Hordaland fylkeskommune bestilte dramakurs for lærerarar som blei gjennomført for tre regionar i Fylket. Kursa vart halde på Fjell i Øygarden, på Os og på Voss.

Teaterkurs på Fredheim Kurs og Aktivitetssenter

Fredheim kurs- og aktivitetshus tilbyr personar som har kontakt med psykisk helsevern ein kvardag med praktisk og sosial aktivitet. VT gjennomførte hausten 2009 teaterkurs for ein del av huset sine brukarar. Tilbakemeldingane var så gode at dette tilbodet blir vidareført i 2010.

Øvrige

Det vart halde kurs innan instruksjon, monologframføring, inspirasjon og formidling, sminke, teatersport, lysteknikk og maskelaging for å nemne nokre. Desse kursa har vore gjennomført anten i VT sine lokale eller ute hos amatørteaterlag og organisasjonar. Spennvidda i det VT kan tilby innan kursverksemd er viktig og ein er derfor opptatt av å skulle kunne tilby det som vert etterspurt anten dette er allereie eksisterande kurs eller det er kurs som vert sette saman ut frå ønskjer og behov frå dei som bestiller.



"Himmelslottet"

Kurstema/tittel	Stad	Dato	Deltakarar	Tal timar
Teaterinstruksjon ”Mamma Mia”	Austevoll ungdomsskole	jan.	13	24
Monologkurs	Noregs Ungdomslag	febr.	15	6
Inspirasjons- og formidlingskurs	Fitjar	febr.	24	9
Formidlingskurs	Vestl. Kunstindustrimuseum	febr.	5	10
Vannsminkekurs	NAV	febr.	10	4
Sanglek	NAV	febr.	20	4
Drama/fortellerteknikk	NAV	febr.	16	9
Fortellerteknikk for barnehage	NAV	febr.	16	9
Dramakurs for lærarar	Hordaland fylkeskommune / Fjell rådhus	mars	13	8
Vannsminkekurs	Vestlandske Teatersenter	mars	11	4
Sårsminke & kostyme	Vestlandske Teatersenter	mai	17	6
Kurs i Teatersport	Vestlandske Teatersenter	mai	17	6
Grunnkurs teater: rollespill, bevegelse, muntlig fortellertradisjon	Teaterskolen VT, gr.1	Vår og haust	14	41
Grunnkurs teater: rollespill, bevegelse, muntlig fortellertradisjon	Teaterskolen VT, gr. 2	Vår og haust	14	41
Grunnkurs teater: rollespill, bevegelse, muntlig fortellertradisjon	Teaterskolen VT, gr. 3	Vår og haust	14	58
Idé til forestillingen: Idéutvikling, tekstskaping, fortellerteater	Teaterskolen VT, gr. 4	Vår og haust	15	56
Idé til forestillingen: Idéutvikling, tekstskaping, fortellerteater	Teaterskolen VT, gr. 5, 5a og 5b	Vår og haust	45	96
Idé til forestillingen: Idéutvikling, tekstskaping, fortellerteater	Teaterskolen VT, gr 6	Vår og haust	16	64
Skuespillerteknikk: stilarter, tekstanalyse, sang, dans	Teaterskolen VT, gr. 7	Vår og haust	16	58
Skuespillerteknikk: stilarter, tekstanalyse, sang, dans	Teaterskolen VT, gr. 8	Vår og haust	16	68
Skuespillerteknikk: stilarter, tekstanalyse, sang, dans	Teaterskolen VT, gr. 9	Vår og haust	15	77
Skuespillerteknikk: stilarter, tekstanalyse, sang, dans	Teaterskolen VT, gr. 10	Haut	13	30
Skuespillerteknikk: stilarter, tekstanalyse, sang, dans	Teaterskolen VT, Teater Ung	Vår og haust	14	113
Kurs i lysteknikk	Vestlandske Teatersenter	sept.	3	16
Dramakurs for lærarar	Hordaland fylkeskommune / Os	sept.	23	8
Inspirasjonskurs i barnehage	Olderdalen barnehage, Stord	sept.	24	8
Teater i haustferien for 5. – 7.klassingar	Vestlandske Teatersenter	okt.	20	30
Kurs til Bergenhusdagen	Vestlandske Teatersenter	sept.	22	8
Teaterkurs	Skratteater, Skranevatnet skole	Vår	15	55
Teaterkurs	Skratteater, Skranevatnet skole	Haut	16	42
Teaterkurs	Fredheim kurs og aktivitetssenter, Bergen	Haut	10	62
Instruksjon, undervisning	Austevoll kommune, Møkster	nov.	7	12
Instruksjon, undervisning	Austevoll kommune, Storebø	nov.	60	12
Dramakurs for lærarar	Hordaland fylkeskommune / Voss	nov.	10	8
Instruksjon, undervisning	Hellen skole	okt. – des.	24	55
Workshop, maskelaging	Vestlandske Teatersenter	nov.	15	6
Teater i skolen	Christi Krybbe skoler	nov.	10	12
Skuespillerteknikk	Fitjar Revylag	nov.	20	24
TOTALT tal kurs: 48			648	1159



Teatret Møllen "Den Inbildte syge"

Medlemmar og medlemsservice

I 2009 hadde VT 44 lag/organisasjonar/frigrupper samt 180 enkeltpersonar som medlemmar. VT ynskjer å vere et serviceorgan for medlemmar ut frå den enkelte sine behov. Det kan variere frå utlån av manus, instruksjonshjelp, hjelp til å søke om tilskott og til utlån av kostyme og teknisk utstyr. I tillegg kan våre medlemmar låne VT sine lokale til øvingar og framsyningar gratis. I 2009 var det totalt 15 grupper som lånte lokale i til saman 157 dagar. Då er også gjerne to grupper inne samtidig. Dette kjem i tillegg til den ordinære verksemda på VT. Som ein digresjon kan nemnast at det ikkje er uvanleg å måtte betale om lag 1500,- kroner dagen for å leige scenelokale i sentrum av Bergen. Hadde VT tatt denne leiga for dei dagane lokala var utlånt i 2009 hadde dette tilsvart 235 500,-. Dette er verd å nemne som ein av godane VT sine medlemmar har i samband med gratis lån av lokale.

Medlemslag / organisasjonar 2009

Dramagruppa v/ Finnøy musikk og kulturskole, Finnøy
 Mjeldalen Ungdomslag, Haus
 Arna Musikkteater, Ytre Arna
 Stiftinga Voss folkehøgskule, Voss
 Søre Neset Ungdomslag, Os
 Kvam Revyteater, Øystese
 SFO Haukeland skole, Bergen
 Utan Grannalag, Utne
 Lindås Ungdomslag, Lindås

Solund Ungdomslag, Hardbakke
 Fedje teaterlag, Fedje
 Teaterverkstad i Radøy, Sæbøvågen

Stigespillerne, Bergen
 Barneteateret Syltetøys, Haus
 Teaterkompaniet Proscenia, Bergen
 Fjell kulturskule, Straume
 Tørvikbygd Ungdomslag, Tørvikbygd
 Bygstad Ungdomslag, Bygstad
 Studentteateret Immaturus, Bergen
 UL Heimhug, Revygruppa, Hjelmås
 Haugesund Mållag og
 Ungdomslag, Haugesund
 Os Bygdekunstlag, Os
 Alvøen lokalforening, Bergen
 TAF Teater, Dalekvam

Kompani Krap...(p), Bergen
Liland Ungdomslag, Blomsterdalen
Flammen Teaterlag, Rong
Viksdalen Ungdomslag, Balestrand
Krabatene, Bergen
Aldateateret, Holmedal
Nore Neset Grendalag, Hagavik
Lura Ungdomsteater, Sandnes
Vibeke Havre, Bergen
1+2 Produksjoner, Bergen

Sotra Teaterlag, Straume
Glesnes Teaterlag, Glesvær
Andreas Holt, Bergen
Fitjar Teaterlag, Fitjar
Bergen Byspill Stiftelse, Bergen
Fyllingsdalen vgs., Bergen
Fitjar Revylag, Fitjar
Fana folkehøgskule, Hjeltestad
Syklubben Teatergruppe, Bergen
Det Gode Liv, Bergen

Medlemskontingent i 2009:

Enkeltpersonar	kr. 300,-
Lag / organisasjonar	kr. 750,-
Off. og private institusjonar	kr. 1 400,-



"Sommerfugl"

Vedtekter

Vestlandske Teatersenter, revidert 22. april 2009

§1 Formål

- a) Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplæringscenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- b) VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- c) VT skal arbeide for god scenekunst og fremje ny norsk dramatikk.
- d) VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- e) VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som virkefelt.

§ 2 Medlemskap

- a) VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, lag og organisasjonar kan vere medlemmar.
- b) Elevar på Teaterskolen blir automatisk medlemmar hos VT.

§ 3 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er høgaste organet i VT
- b) Innkalling til årsmøtet skal kunngjerast til medlemmane seinast 60 dagar før møtet vert gjennomført. Årsmøtet skal haldast innan 30. april kvart år og dato fastsetjast av styret seinast siste styremøte føregåande år. Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere innsendt til administrasjonen/styret 30 dagar før årsmøtet. Sakspapir sendes ut seinast 14 dagar før årsmøtet.
- c) Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.
- d) Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte:
 - Årsmelding og revidert rekneskap.
 - Fastsetje medlemskontingent for neste år.
 - Handlingsplan og budsjett for neste år.
 - Innkomne saker
 - Val.
- e) Årsmøtet skal velje:
 - styreleiar for 2 år
 - ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmane for ein valperiode på 2 år slik at ein styremedlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.
 - ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldra til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på 2 år.
 - tre medlemmar til valnemnda for 1 år
 - revisor for rekneskapen for 1 år
- f) Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendringar, kan avgjerast med enkel majoritet.
- g) Valkomiteen skal innstille på alle styreverv som skal veljas av årsmøtet. Innstilling må være klar seinast 30 dagar før årsmøtet.
 - Elevar på Teaterskolen under 15 år kan representerast av ei av foreldra/føresette med 1 røyst på årsmøtet. Føresette som representerar sine barn har berre 1 røyst uavhengig av antal barn dei har på Teaterskolen
 - Medlemmane har røysterett på årsmøtet etter følgjande nøkkel:
 - Einskildpersonar over 15 år, 1 røyst
 - Medlemsorganisasjonar har 2 røysterEinskildpersonar kan berre representere seg sjølv, eige barn eller eit lag/organisasjon.
- h) For å ha røysterett må kontingenten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- i) Styremedlemmar har ikkje røysterett med mindre dei representerar ein organisasjon eller einskildperson.

§ 4 Ekstraordinært årsmøte

- a) Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir kravd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemsorganisasjonane.
- b) Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
- c) Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

§ 5 Styret sin samansetnad

- a) Styret er på 6 personar og er samansett slik:
- Styreleiar og 2 representantar som er valde av eit årsmøte.
 - 1 representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte.
 - 1 representant peika ut av Bergen kommune.
 - 1 representant peika ut av dei tilsette.

Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte dobbelrøyst.

- b) Dei oppnemnde medlemmene frå Bergen kommune og dei tilsette har personleg vararepresentant. Det står fritt for Bergen kommune til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- c) Styremøta er vedtaksføre når minst 4 medlemmar er til stades.
- d) Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtektene og dei vedtak årsmøtet gjer.
- e) Styret skal seg imellom velje nestleiar. Styret kan oppnemne eit arbeidsutval, og gje arbeidsutvalet naudsynte fullmakter. Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i arbeidsutvalet.

§ 6 Styret sine oppgåver:

- Styret tilsett kunstnarisk leiar og administrativ leiar.
- Styreleiar innkallar til styremøte når styreleiar eller minst 2 medlemmar av styret krev det.
- Styret utarbeider halvårige møteplanar.

§7 Økonomi, forvaltning og revisjon

- a) Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- b) Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

§8 Vedtektsendringar

- a) Framlegg til endringar i vedtektene må vere styret/administrasjonen i hende seinast 30 dagar før årsmøtet.
- b) Framlegg til endringar i vedtektene skal sendast ut til medlemmane seinast 14 dagar før årsmøtet.
- c) Alle endringar i vedtektene krev 2/3 aktivt fleirtal på eit årsmøte.
- d) Endringane trår i kraft frå det tidspunktet årsmøtet er heva.

§9 Oppløysing

- a) Framlegg om oppløysing av VT krev 2/3 fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- b) Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Bergen kommune og Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.

